

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 18.05.2012
Sakhandsamar: **Jan Erik Lorentzen m. fleire**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per april 2012**

Arkivsak

2011/11/

Styresak 058/12 B

Styremøte 06.06. 2012

Forslag til vedtak

Styret tek rapporteringa frå verksemda per 30. april 2012 til etterretning.

Oppsummering

Ventetidsutviklinga per april 2012 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling var 71 dagar, medan ventetida for dei som framleis venta ved utgangen av månaden var 83 dagar. Alle fagområda har hatt ein auke i ventetida for ventande grunna påska.

Aktivitetsnivået innan den somatiske sektoren og innan psykisk helsevern for vaksne er i hovudsak høgare enn til same tid i 2011, medan aktiviteten innan BUP er noko lågare.

Både talet på fristbrot og langtidsventande har halde seg stabilt den seinaste månaden. Talet på korridorpasientar per dag innan somatikken har gått ned i april og har samla sett halde seg stabilt innan psykisk helsevern. Delen epikrisar sendt innan 7 dagar var 75 % innan somatikk og 73 % innan psykisk helsevern.

Det økonomiske resultatet i april er kr 59 mill, som er kr 10,6 mill over budsjett. Akkumulert resultat er kr 228,8 mill som er kr 42,4 mill betre enn budsjettert. Helse Bergen og Helse Fonna rapporterer ei prognose på hhv. kr 30 og 15 mill dårlegare enn budsjettert, som følgje av auka risiko for lågare inntekter enn budsjettert knytt til utskrivingsklare pasientar. Dei andre føretaka opprettheld ei prognose som er lik budsjettert resultatkrav. Helse Førde har etablert ein tiltakspakke på til saman kr 30,6 mill. Etter fire månader har denne hatt ein effekt på kr 4,5 mill som er om lag 19 % betre enn planlagd. Helse Fonna har tiltak retta mot bemanningsområdet, men det er så langt ikkje tallfesta nokon effekt frå denne. Samla investeringar pr. april er på kr 370 mill. Dette utgjer rett i underkant av 23 % av forventade investeringsnivå i 2012.

Samla sett er likviditetssituasjonen med noverande driftskredittramme vurdert til å vere tilfredsstillande.

Tiltrua til spesialisthelsetenesta er i april på 79 prosent, opp frå 77 prosent i mars. Inntrykket av det regionale helseføretaket er på 59 prosent, som er litt opp frå mars.

Fakta

Denne rapporten er utarbeidd med basis i informasjon per 30. april 2012.

Kommentarar

1. Aktivitetsutvikling

Dei data som blir nytta til å syne aktivitetsutviklinga er tal helseføretaka sjølv har rapportert inn. Biletet under syner endring i aktivitetensnivået per april 2012, samanlikna med tal per april 2011. Når ein som no berre samanliknar få enkeltmånader kan små absolutte endringar i tala gje store prosentvise utslag.

 Aktivitetsutvikling		Resultat	Mål	Status	=
Somatikk					
Aktivitet målt i DRG-poeng		3,0%	1,5%		
Aktivitet målt i opphald		2,0%	1,5%		
Poliklinisk aktivitet		5,1%	4,5%		
Psykisk Helsevern for Barn og unge					
Aktivitet døgnbehandling		-0,5%	2%		
Aktivitet dagbehandling		-1,9%	5%		
Psykisk helsevern for voksne					
Aktivitet døgnbehandling		-0,1%	2%		
Aktivitet dagbehandling		12,0%	5%		

Somatikk

Dei absolutte tala syner at det totalt blei generert om lag 88 000 DRG-poeng ved helseføretaka dei fire første månadene av 2012. Alle dei fire helseføretaka har hatt ein høgare DRG-produksjon enn til same tid 2011. Det samla talet sjukehusopphald var nær 84 600. Av føretaka hadde berre Helse Fonna HF eit lågare aktivitetsnivå enn førre år. Det samla talet polikliniske konsultasjonar var tilnærma 308 000. Alle dei fire helseføretaka har eit høgare poliklinisk aktivitetsnivå så langt i 2012, enn til same tid i 2011.

Psykisk helsevern

Per april 2012 var aktivitetsnivået innan barne og ungdomspsykiatrien målt i liggjedøgn, dagopphald og polikliniske konsultasjonar lågare enn til same tid i 2011. Talet liggjedøgn per april var om lag 5100 og skilnaden til 2011 er berre på om lag 25 døgn. Talet på dagopphald og polikliniske konsultasjonar var nær 41 000. Helse Stavanger HF har hatt lågare døgnaktivitet enn i 2011, medan dei tre andre helseføretaka hadde ein høgare aktivitet. Bergen HF og Førde HF har til no hatt færre dagopphald og polikliniske konsultasjonar enn førre år.


Aktivitetsnivået innan psykisk helsevern for vaksne var kring same nivå som per april 2011 målt i talet liggjedøgn, medan talet dagopphald og polikliniske konsultasjonar ligg ein god del høgare enn i 2011. I absolutte tal har det blitt generert om lag 84 000 liggjedøgn og gjennomført 84 000 polikliniske konsultasjonar og dagopphald. Særleg Helse Stavanger HF har generert fleire liggjedøgn enn i 2011, medan det berre er Helse Førde HF som har ein lågare dagbehandlingsaktivitet enn per april 2011.

2. Ventetidsutvikling

Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle som starta behandling i april 2012 var på 71 dagar (62 dagar for prioriterte og 90 dagar for dei utan prioritet). Figuren nedanfor viser ventetidsutviklinga per helseføretaka for alle pasientar som har starta behandling.

Samla ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – alle fagområde


Ventetid for behandla per HF - alle fagområde



Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle pasientar som framleis venta på behandling i Helse Vest ved utgangen av april 2012 var 83 dagar, fordelt på 57 dagar for prioriterte og 112 dagar for ventande utan prioritet. Innan alle fagområder kan ein observera ei auke i ventetida grunna påskehelga. Figuren under viser samla ventetida for alle ventande fordelt per helseføretak.

Samla ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – alle fagområde


Ventetid for ventande per HF - alle fagområde



Somatikk


Den samla gjennomsnittlege ventetida for ventande innan somatikken var 83 dagar ved utgongen av april. For pasientar med prioritet var ventetida 57dagar, og for pasientar utan prioritet 111 dagar. I figuren nedanfor er samla gjennomsnittleg ventetida for ventande vist per føretak.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – somatikk



Ser ein på ventetidene for pasientane som starta somatisk behandling i april 2012, så var dei 62 dagar for prioriterte og 90 dagar for ventande utan prioritet, noko som gir 71 dagar i gjennomsnitt for alle som starte behandling. Samla ventetid for behandla fordelt per helseføretak er vist i figuren under.


Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – somatikk



Psykisk helsevern for barn og unge


Den gjennomsnittlege ventetida for ventande med prioritet innan BUP var 52 dagar, og for ventande utan prioritet var ventetida 90 dagar ved utgangen av april 2012. Samla ventetid for alle som venta på behandling var 58 dagar.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – BUP



Samla ventetid for pasientar som starta behandling i april 2012 var 69 dagar i gjennomsnitt. Ventetida for prioriterte pasientar var 66 dagar, medan ventetida for dei utan prioritet var 115 dagar.


Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – BUP



Psykisk helsevern for vaksne


Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle ventande innan psykisk helsevern for vaksne var 75 dagar ved utgangen av april 2012. Ventetida for ventande med prioritet var 48 dagar og 126 dagar for dei utan prioritet.

Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – PH vaksne



For pasientar som starta behandlinga i april 2012 var den samla gjennomsnittlege ventetida 64 dagar. Prioriterte pasientar hadde ei gjennomsnittleg ventetid på 46 dagar, medan ventetida for pasientar utan prioritet var 131 dagar. I Helse Stavanger og Helse Førde er det i hovudsak behandla pasientar utan prioritet som dreg opp gjennomsnittet for april 2012.

Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – PH vaksne



3. Fristbrot og langtidsventande


Helseføretaka har arbeidd aktivt med å få ned talet på fristbrot sidan sommaren 2010, med målsetting om at fristbrot ikkje skal førekome. I tabellen nedanfor finn ein fire ulike mål på fristbrot.

Samla utvikling i tal og prosentdel fristbrot for Helse Vest

Tid	Fristbrot							
	For ventande ved periodeslutt		Der helsehjelpa har starta i perioden		Totalt (NPR-utrekning)		Nye fristbrot (Med frist i per.)	
	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst
2011-apr	920	4 %	713	8 %	1633	5 %	1078	10 %
2011-mai	1007	4 %	967	9 %	1974	5 %	1360	11 %
2011-jun	1033	4 %	974	10 %	2007	6 %	1380	12 %
2011-jul	1689	6 %	533	10 %	2222	7 %	1400	14 %
2011-aug	1577	6 %	1249	14 %	2826	8 %	1623	16 %
2011-sep	1193	5 %	1376	13 %	2569	7 %	1428	13 %
2011-okt	1085	4 %	998	10 %	2083	6 %	1209	12 %
2011-nov	878	3 %	916	8 %	1794	5 %	972	10 %
2011-des	915	4 %	657	7 %	1572	5 %	914	8 %
2012-jan	749	3 %	930	8 %	1679	4 %	1005	10 %
2012-feb	696	3 %	792	7 %	1488	4 %	933	9 %
2012-mar	631	2 %	786	7 %	1417	4 %	912	8 %
2012-apr	890	4 %	703	8 %	1593	5 %	1189	11 %


I den månedlege rapporteringa til Helse- og omsorgsdepartementet (ØBAK) er det delen fristbrot for pasientar som har starta behandling som skal rapporterast. Tabellen under viser utviklinga i delen fristbrot for behandla pasientar fordelt per helseføretak, samt for dei private ideelle sjukehusa (samla).

Utvikling i tal behandla pasientar med fristbrot per helseføretak



I Helse Vest er det sett i verk tiltak for å redusera talet på langtidsventande. Figuren under viser utviklinga i talet på langtidsventande fordelt per helseføretak.


Utvikling i tal langtidsventande (1 år+) per helseføretak



4. Korridorpasientar og epikrisetid


Figurane under viser utviklinga i bruk av korridor plassar per månad innan psykisk helsevern og somatikk fordelt per helseføretak.

Gjennomsnittleg tal korridorpasientar per dag innan somatikk



I Helse Stavanger HF og Helse Bergen HF har korridorbruken historisk hatt samanheng med mange utskrivingsklare pasientar. Den seinaste månaden har det gjennomsnittlege talet somatiske korridor pasientar per dag gått ned i alle dei fire helseføretaka.


Gjennomsnittleg tal korridorpasientar per dag innan psykisk helsevern



Den nasjonale målsettinga er no at 100 % av epikrisane skal sendast ut innan 7 virkedagar, ei målsetting som Helse Vest ikkje innfrir. I april 2012 var delen epikrisar utsendt innan fristen 73 % innan psykisk helsevern og 75 % innan somatikken. Innan psykisk helsevern har Helse Bergen HF den høgaste delen sendt innan fristen, medan Helse Førde HF har den høgaste delen innan somatikken.

Epikrisetider	Resultat	Mål	Status	=
Samlet Bilde				
Epikrisetid psykisk helsevern	73%	100%		
Epikrisetid somatikk	75%	100%		

Figuren nedanfor syner den samla utviklinga i epikrisetider innan psykisk helsevern og somatikk dei siste 13 månadene.



5. Økonomi

5.1 Resultat

Berekningar viser eit høgare kostnadsnivå knytt til pensjon enn det som låg til grunn for budsjett føresetnadane for 2012. I forslaget til revidert nasjonalbudsjett har staten foreslått ein kompensasjon på kr 397,5 mill som er kr 8 mill lågare enn KLP sine berekningar. I tillegg er det foreslått å dekke meirkostnaden til dei private institusjonane med kr 37,9 mill. Reel kostnad er ikkje kartlagt på nåverande tidspunkt.


Tildelinga i revidert nasjonalbudsjett er ikkje innarbeida i rapporteringa pr. april. Resultatet pr. april er korrigert for auka pensjonskostnad.

	April			Hittil pr. April		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest HF	710	-113	823	7 367	419	6 948
Helse Bergen HF	19 475	20 224	-748	58 030	65 999	-7 968
Helse Fonna HF	-6 070	500	-6 570	-8 562	-4 000	-4 562
Helse Førde HF	-1 700	-3 333	1 633	-8 829	-13 333	4 504
Helse Stavanger HF	325	4 181	-3 856	9 547	16 649	-7 103
Kjøp av helsestenester	45 719	27 970	17 749	168 999	124 868	44 131
Administrasjon morselskap	1 582	-268	1 850	5 937	-753	6 690
Helse Vest IKT AS	-1 021	-755	-266	-3 653	-3 436	-216
Til saman	59 021	48 405	10 616	228 837	186 413	42 424

Alle tall i heile tusen

Det økonomiske resultatet i april er kr 59 mill som er kr 10,6 mill over budsjett. Akkumulert resultat er kr 228,8 mill som er kr 42,4 mill betre enn budsjettet.

Helse Stavanger




Alle tall i heile tusen

Føretaket har eit positivt resultat i april på kr 0,3 mill som er kr 3,9 mill svakare enn budsjettet. Akkumulert resultat er kr 9,5 mill som er kr 7,1 mill mindre enn budsjettet.

Inntektssida viser eit positivt budsjettavvik på kr 19,4 mill som hovudsakleg skuldast den høge aktiviteten i føretaket samt eksternt finansierte prosjekt med ei tilsvarande kostnadsside. Inntekter knytt til utskrivingsklare pasientar har eit negativt avvik på kr 4,1 mill. Kostnadssida viser eit negativt budsjett avvik på kr 26,5 mill der lønnskostnadane inkludert innleige utgjer kr 21 mill. Føretaket melder at kr 9,7

mill av lønnskostnadane er relatert til eksternt finansierte prosjekt og at føretaket justert for dette har eit negativt avvik på lønn på kr 11,3 mill. Varekostnadane viser eit negativt avvik på kr 4,1 mill og ein må sjå delar av dette i samanheng med høgare pasientrelaterte inntekter enn budsjettert. Gjestepasientkostnader er kr 0,9 mill høgare enn budsjettert og andre driftskostnader har eit negativt budsjettavvik på kr 3,1 mill som hovudsakleg skuldast reperasjon og vedlikehald av medisin teknisk utstyr.

Helse Fonna



Alle tall i heile tusen


Resultatet i april er på minus kr 6,1 mill som er kr 6,6 mill svakare enn budsjettert. Etter fire månader er resultatet minus kr 8,6 mill som er kr 4,6 mill svakare enn budsjettert.

Inntektene viser eit akkumulert negativt budsjettavvik på kr 5,2 mill og skuldast i all hovudsak eit betydeleg lågare aktivitetsnivå knytt til behandling av eigne pasientar i eige føretak. Føretaket har eit negativt budsjettavvik knytt til inntekter for utskrivingsklare pasientar på kr 5,2 mill.

Sum driftskostnader viser eit akkumulert negativt budsjettavvik på kr 3,6 mill der personalkostnadane inkl. innleige av personell utgjør kr 1,8 mill. Føretaket har fortsatt ei positiv utvikling innan lønnsområdet generelt og knytt til overtid/ekstrahjelp og innleige spesielt. Føretaket melder om stort fokus på dei klinikkane og dei områda som har utfordringar med å tilpasse personalkostnadane til vedtatt driftsnivå.

Varekostnadane knytt til føretaket sin eigenaktivitet viser etter fire månader eit positivt avvik på kr 1,2 mill medan andre driftsutgifter har eit negativt avvik på kr 2,3 mill. Avviket skuldast hovudsakleg auka IKT kostnader medan mellom anna lågare kostnader til reiser, bygningsvedlikehald og konsulentbruk drar i positiv retning.

Helse Bergen




Alle tall i heile tusen

Resultatet i april viser eit overskot på kr 19,5 mill som er kr 0,7 mill svakare enn budsjettert. Etter fire månader viser rekneskapen eit resultat på kr 58 mill som gir eit akkumulert negativt budsjettavvik på kr 8 mill.

Sum driftsinntekter er kr 17 mill høgare enn budsjettert, medan sum driftskostnadar er kr 30 mill høgare enn budsjettert. Etter fire månadar er det eit negativt budsjettavvik på kr 10,8 mill knytt til inntekter for utskrivingsklare pasientar. Driftskostnadane syner eit negativt budsjettavvik på kr 30 mill der lønnskostnad og ekstern innleige om lag er i budsjettbalanse medan avviket på varekostnad medikament er knytt til biologiske legemiddel, implantat, laboratorierekvisita og medisinske forbruksvarer. Avviket kan sjåast i samanheng med den høge aktiviteten i føretaket og tilsvarande høgare inntekter.

Helse Førde



Alle tall i heile tusen

Resultatet for april viser eit underskot på kr 1,7 mill som er kr 1,6 mill betre enn budsjettert. Akkumulert resultat er minus kr 8,8 mill som er kr 4,5 mill betre enn budsjett.

Inntektene hittill i år er kr 6 mill lågare enn budsjett der kr 2,7 mill av avviket er relatert til inntekter knytt til utskrivingsklare pasientar. Kostnadssida syner eit positivt avvik mot budsjett på kr 10,5 mill.

Bemanningskostnadane er kr 1,8 mil lågare enn budsjettert og det er eit mindreforbruk på kr 3,8 mill knytt til varekostnader. Andre driftskostnader har eit meirforbruk på kr 0,8 mill og finanskostnadane har eit positivt avvik på kr 5,7 mill.

Kjøp av helsetenester

Akkumulert resultat pr april er kr 169 mill, som er kr 44,1 mill betre enn budsjettert. Det positive avviket skuldast mellom anna eit finansresultat som er om lag kr 10 mill betre enn budsjettert og lågare kjøp av laboratorie- og røntgentenester enn budsjettert. Vidare skuldast noko av avviket at nokre satsingsområde har eit anna starttidspunkt enn det som er budsjettert.

Administrasjonen

Akkumulert resultat pr april er kr 5,9 mill som er kr 6,7 mill betre enn budsjettert. Avviket skuldast hovudsakeleg mindreforbruk innan lønn og konsulenttenester.

Sjukehusapoteka Vest

Resultatet i april er kr 0,8 mill betre enn budsjettert og akkumulert resultat er kr 6,9 mill betre enn budsjettert. Varesalsinntektene er kr 2,1 mill over budsjett og tenestesalet er kr 1 mill over budsjett. Personalkostnadane er kr 0,7 mill under budsjett og finansinntektene er litt over budsjett.

Helse Vest IKT AS

Etter fire månader har føretaket eit negativt resultat på kr 3,7 mill som er kr 0,2 mill svakare enn budsjettert.

5.2 Prognose

	Heile året		
	Prognose	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest HF	13 900	13 900	0
Helse Bergen HF	137 000	167 000	-30 000
Helse Fonna HF	-15 000	0	-15 000
Helse Førde HF	-40 000	-40 000	0
Helse Stavanger HF	50 000	50 000	0
Kjøp av helsetenester	85 000	40 000	45 000
Administrasjon morselskap	0	0	0
Helse Vest IKT as	1 000	1 000	0
Til saman	231 900	231 900	0

Alle tall i heile tusen

Helse Bergen og Helse Fonna melder om ein auka risiko på hhv. omlag kr 30 mill og kr 15 mill grunna forventa lågare inntekt enn budsjettert knytt til utskrivingsklare pasientar. Denne risikoen finn vi også i dei andre føretaka og vi vil følge utviklinga nøye.

Basert på erfaringar og resultatet pr april er det rimeleg å anta at RHF-et vil få eit positivt budsjettavvik. Samtidig er det usikkerheits moment, særleg knytt opp til samhandlingsreforma, som vi ikkje har fullstendig oversikt over enda. Som ein foreløpig tilnærming er prognosen i RHF-et lagt inn med eit positivt avvik som svarar til den negative prognosen i Helse Bergen og Helse Fonna. I tillegg er det budsjettert med ein reserve i RHF-et på kr 180 mill.

5.3 Omstilling

Helse Førde har etablert ein tiltakspakke på til saman kr 30,6 mill. Denne har hatt ei effekt på kr 4,5 mill som er om lag 19 % betre enn planen etter fire månader. Helse Fonna har ein rekke tiltak retta mot

bemanningsområdet, men det er ikkje tallfesta nokon effekt frå denne. Det er ikkje etablert tiltaksrapportering frå Helse Stavanger og Helse Bergen.

5.4 Investering

Helse Vest vil frå og med denne rapporteringa innarbeide oversikt over status investeringar i føretaksgruppa. Rapporteringa er basert på tal frå helseføretaka pr. april. Rapporterings-opplegget vil bli vidareutvikla i dei kommande rapporteringane.

Helse Vest sitt investeringsbudsjett for 2012 blei vedtatt i samband med behandlinga av konsernbudsjett 2012 i februarmøtet. Samla investeringsbudsjett blei fastsett til kr 1,633 mrd. I tabellen under er det vist status på investeringar pr. april samt estimat for året.

Samandrag investeringar 2012	Akkumulert januar - april	Resten av året	Estimat 2012	Budsjett 2012
Bygg	242 865	666 393	909 258	871 400
MTU	49 380	292 420	341 800	313 312
IKT	67 672	157 628	225 300	220 000
Anna	10 199	132 707	142 906	228 669
SUM	370 116	1 249 148	1 619 264	1 633 381

Samla investeringar pr. april er på kr 370 mill. Dette utgjer rett i underkant av 23% av forventa investeringsnivå i 2012.

Helse Stavanger:

Investeringer 2012	Akkumulert januar - april	Resten av året	Estimat 2012	Budsjett 2012	Estimat totalprosjekt
Helse Stavanger:					
BUPA	61 753	67 717	129 470		255 000
Stavanger DPS	2 121	37 019	39 140		195 000
Øvrig bygg	19 943	76 005	95 948		
Sum bygg	83 817	180 741	264 558	211 000	
MTU	8 653	142 347	151 000	155 000	
IKT	3 170	-3 170	0	0	
Anna	4 152	-4 152	0	42 100	
SUM Stavanger	99 792	315 766	415 558	408 100	

Investeringar pr. april utgjer om lag 24% av estimert investeringsnivå for 2012. Under budsjettposten «anna» ligg det fleire prosjekt som no er omklassifisert til gruppa «bygg». Samla sett ligg estimatet litt over budsjett. Dette er eit forhold som må avstemmast nærmare i samband med langtidsbudsjettet som blir lagt fram i junimøtet.

Helse Fonna:

Investeringer 2012	Akkumulert januar - april	Resten av året	Estimat 2012	Budsjett 2012
Helse Fonna:				
Bygg	12 970	30 730	43 700	44 400
MTU	3 537	26 463	30 000	31 500
IKT	73	3 527	3 600	0
Anna	648	5 052	5 700	7 100
SUM Fonna	17 228	65 772	83 000	83 000

Investeringar pr. april utgjer om lag 21% av estimert investeringsnivå i 2012. Estimatet for året ligg på same nivå som budsjettet.

Helse Bergen:

Investeringer 2012	Akkumulert januar - april	Resten av året	Estimat 2012	Budsjett 2012	Estimat totalprosjekt
Helse Bergen:					
BUSP trinn I	23 660	141 340	165 000	165 000	1 392 966
Kronstad DPS	42 309	107 691	150 000	150 000	430 519
Ombygging sentralblokken	9 614	85 386	95 000	135 000	310 354
Øvrig bygg	65 208	68 792	134 000	144 000	
Sum bygg	140 791	403 209	544 000	594 000	
MTU	28 536	82 464	111 000	111 000	
IKT					
Anna	2 413	101 587	104 000	103 800	
SUM Bergen	171 740	587 260	759 000	808 800	

Investeringar pr. april utgjer om lag 23% av estimert investeringsnivå i 2012. Estimatet for året ligg litt under budsjett og skuldast i hovudsak lågare framdrift på ombygging sentralblokk samt lågare estimat på anna bygg.

Helse Førde:

Investeringer 2012	Akkumulert januar - april	Resten av året	Estimat 2012	Budsjett 2012	Estimat totalprosjekt
Helse Førde:					
Luftambullanse/pre-hospitalt bygg		22 000	22 000		117 000
Øvrig bygg	5 287	29 713	35 000		
Sum bygg	5 287	51 713	57 000	22 000	
MTU	8 654	41 146	49 800	15 812	
IKT	304	1 396	1 700	0	
Anna	1 279	16 521	17 800	60 263	
SUM Førde	15 524	110 776	126 300	98 075	

Investeringar pr. april utgjer om lag 12% av estimert investeringsnivå i 2012. Estimatet for 2012 ligg på kr 126,3 mill medan budsjett som føretaket vedtok i desembermøtet ligg på kr 98,1 mill. Helse Førde har i samband med rullering av sitt langtidsbudsjett hatt ein ny gjennomgang på framdrifta i investeringsprosjekta og i den samanheng justert beløpet for 2012 til kr 126,3 mill. Helse Vest vil i samband med langtidsbudsjettet for føretaksgruppa som skal leggjast fram 22. juni, ha ein ny gjennomgang på investeringsplanen til Helse Førde. Det må her takast atterhald for eventuelle justeringar i tråd med det finansielle grunnlaget.

Sjukehusapoteka:

Investeringer 2012	Akkumulert januar - april	Resten av året	Estimat 2012	Budsjett 2012
Sjukehusapoteka	1 707	13 699	15 406	15 406

Investeringar pr. april utgjer om lag 11% av estimert investeringsnivå i 2012. Estimatet for 2012 ligg på same nivå som budsjett.

Helse Vest IKT:

Investeringer 2012	Akkumulert januar - april	Resten av året	Estimat 2012	Budsjett 2012
Helse Vest IKT	64 125	155 875	220 000	220 000

Investeringar pr. april utgjer om lag 29% av estimert investeringsnivå i 2012. Estimatet for 2012 ligg på same nivå som budsjett.

5.5 Likviditet

Helse Vest har ved utgangen av april 2012 ein netto likviditet på kr 154 mill. Grafen under viser forventa utvikling i netto likviditet (innskot minus driftskreditt) for året.




Alle tall i heile millionar

Likviditeten vil bli lågare mot slutten av året som følge av betalinga av KLP reguleringspremie. Driftskredittramma er fastsett til kr 1,998 mrd. Etter framlegg av revidert nasjonalbudsjett er driftskredittramma føreslått satt ned til kr 1,928 mrd. Samla sett er likviditetssituasjonen med noverande driftskredittramme vurdert å vere tilfredsstillande. Helse Vest har løypande oppfølging av likviditetssituasjonen og vil om nødvendig treffe tiltak for å sikre likviditetstilgangen i konsernet.

6. Medarbeidarar

Føretaksgruppa Helse Vest – Sjukefråvær




Måltalet er eit samla sjukefrávær på 5,5 % eller lågare, og eit sjukemeldt frávær på 4,5 % eller lågare. Per april 2012 var det samla sjukefráværet på 6,5 % og sjukemeldt frávær på 5,6 %. Dette er klåre forbetringar i forhold til mars 2012 og i forhold til april 2011. Det er 5 600 færre sjukefráværdsdagsverk i april 2012 samanlikna med mars 2012. Det er omtrent 2 000 færre sjukefráværdsdagsverk i april 2012 i forhold til april 2011.

Det kortvarige sjukefráværet, som er det sjukefráværet som er mellom 1 og 16 dagar, har gått ned frå 3,96 % i mars til 2,88 % i april. Det langvarige sjukefráværet, sjukefrávær på 17 dagar eller meir, er omtrent på same nivå, 3,61 % i april og 3,67 % i mars.

Det er 80 færre einingar som har eit samla sjukefrávær på 5,5 prosent eller lågare i april enn i mars. 65,98 % av alle einingane har eit samla sjukefrávær på 5,5 prosent eller lågare per april 2012. Dette er ei betring i forhold til april 2011, då hadde 64,35 % av alle einingane eit sjukefrávær på 5,5 prosent eller lågare. Når det gjeld det sjukemeldte fráværet er det 65,12 % av alle einingar som har eit sjukemeldt frávær på 4,5 prosent eller lågare. Det er omtrent på same nivå som året før. I april 2011 var det 65,35 % av alle einingane som hadde eit sjukemeldt frávær på 4,5 % eller lågare.

Føretaksgruppa Helse Vest – Månadsverk

Graf og tabell under viser berre helseføretaka.



Det har vore ein nedgang med 73 brutto månadsverk frå april til mai 2012 og stabilt for netto månadsverk i same perioden. Den største nedgangen har Helse Stavanger og Helse Fonna stått for. Helse Bergen har hatt ein auke i både brutto og netto månadsverk, mens Helse Førde har hatt ein liten nedgang i både brutto og netto månadsverk.

Oppfølging av variable timar hittil i år i føretaksgruppa i Helse Vest

Helseføretaka i Helse Vest	201105	201205	Endring 2011-2012	% endring frå 2011-2012	% endring frå 2010-
Merarbeid i kroner	121 316 098	124 342 863	3 026 765	2 %	12 %
Overtid i kroner	133 713 470	142 384 916	8 671 446	6 %	9 %
Merarbeid i timer	687 407	698 132	10 725	2 %	6 %
Overtid i timer	311 525	326 306	14 782	5 %	6 %
Brutto månedsverk	92 548	94 985	2 437	3 %	3 %

Ein kan framleis sjå positive resultat av dei tiltaka som helseføretaka har satt i verk hausten 2011. Både Helse Fonna, Helse Førde og Helse Bergen har hatt ein nedgang i bruk av meirarbeid i kroner og timar frå mai 2011 til mai 2012. Helse Stavanger har hatt ein auke med 15 % i bruk meirarbeid i både kroner og timar.

Helse Bergen og Helse Førde har begge hatt ein liten auke på 4 % i bruk av overtid i kroner og 2 % i bruk av timar frå mai 2011 til mai 2012. Helse Fonna har vore stabil når det gjeld bruk av overtid i timar og hatt ein liten auke på 2 % når det gjeld bruk av overtid i kroner. Helse Stavanger har hatt ein auke med 14 % i bruk av overtid i kroner og 13 % i bruk av overtid i timar.

Føretaksgruppa Helse Vest – Deltid


Det er per april 2 240 fast tilsette medarbeidarar som har registrert profilen sin. Per 21. mai er det 2 299 fast tilsette som har registrert profilen sin i deltidskartlegginga. Per 21. mai er det 557 fast tilsette som

ønskjer høgare stillingsbrøk innan ein månad, 178 innan det neste halve året og 51 på lengre sikt. 1 513 har svart at det ikkje er aktuelt med høgare stillingsbrøk.

Leiarane arbeider med å finne gode løysingar saman med sine medarbeidarar. Så langt takkar 14,6 % nei til tilbod ved eiga eining og 84,3 % ja. 6,3 % takkar ja til tilbod i kombinasjon med bemanningssenter og 87,5 % takkar nei til det same tilbodet. For kombinasjon med arbeid på andre einingar takkar 45,5 % ja og 45,5 % takkar nei. Dei fleste får tilbod om auka stillingsbrøk ved eiga eining. Av alle tilbod som blir gitt takker 62,1 % ja og 34,8 % nei og 3 % vurderer per mai dei tilboda dei har fått.

Målkravet om ein korrigert gjennomsnittleg stillingsprosent på 87,7 prosent blei nådd ved utgangen av 2011. Per 21. mai 2012 er den korrigerte gjennomsnittlege stillingsprosenten på 88,15 prosent.

Arbeidet med å redusere omfanget av deltid har ei positiv utvikling. Per mai 2012 er det **1 484 fleire** tilsette i heile stillingar målt i forhold til desember 2010, som er samanlikningspunktet for arbeidet med å redusere bruken av deltid. Føretaksgruppa Helse Vest har samstundes fått den utviklinga ein har peika på med ein glidande auke i stillingsbrøk for dei som er i deltidsstillingar. Måtalet for del deltid i føretaksgruppa er 31,64 prosent. Føretaksgruppa har per 21. mai 2012 ein korrigert gjennomsnittleg deltid på 32,30 prosent. Dette er ein reduksjon i deltid på **18,33** prosent frå utgangspunktet i desember 2010.




Målet om fortrinnsvis bruk av faste tilsetingar syner også resultat. Del fast tilsette har auka i heile 2011, og vi ser same trenden så langt dei første fem månadene av 2012.

For dei av våre medarbeidarar som ynskjer høgare stilling har vi eit potensiale på totalt 60 årsverk for føretaksgruppa Helse Vest. Berekninga har tatt utgangspunkt i kva auke den enskilde medarbeidar ynskjer i forhold til den stillingsbrøk dei har per i dag. Vi har berekna dette uavhengig av når medarbeidarane ynskjer høgare stilling; om ein månad, innan 6 månadar eller på lengre sikt. Totalt har føretaksgruppa Helse Vest ein «arbeidskraftsreserve» for medarbeidarar i deltidsstillingar på 1,70 % av netto månadsverk og 0,88 % av totalt tal tilsette.


Helse Stavanger

Sjukefråvær




68,24 % av einingane i Helse Stavanger HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for april 2012. 69,29 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for april 2012.

Månadsverk




Helse Fonna

Sjukefråvær




64,85 % av einingane i Helse Fonna HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for april 2012.
 66,11 % av einingane har eit sjukemeldt frávær under 4,5 % for april 2012.

Månadsverk




Helse Bergen

Sjukefråvær




61,03 % av einingane i Helse Bergen HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for april 2012.
60,68 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % per april 2012.

Månadsverk




Helse Førde

Sjukefråvær




70,22 % av einingane i Helse Førde HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for april 2012.
68,01 % av einingane har eit sjukemeldt frávær under 4,5 % for april 2012.

Måndsverk




Sjukehusapoteka Vest

Sjukefråvær




43,75 % av einingane i Sjukehusapoteka Vest HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for april 2012.
40,63 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for april 2012.

Månadsverk




Sjukefråvær



83,33 % av einingane i Helse Vest IKT AS har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for april 2012. 80 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for april 2012.

Månadsverk



7. Omdømme


Omdømme				
	Virkelig	Mål	Status	Trend
Samfunn			●	↗
Tiltro til tjenesten	79%	80%	●	↗
Avvik tiltro pasienter/pårørende og andre	0%	0%	●	↗
Inntrykk av det regionale helseforetaket	59%	80%	●	↗
Pasienter og pårørende			●	↗
Avvik tiltro pasienter/pårørende og andre	0%	0%	●	↗
Avvik tiltro pasienter og pårørende	-4%	0%	●	↗

7.1 Tiltru til tenesta – april måned

(Tala refererer til kor mange som har svært eller ganske stor tiltru).

79 prosent av dei spurde seier at dei har svært eller ganske stor tiltru til at dei vil få sjukehusbehandlinga dei treng dersom dei har behov for det. I mars var denne 77 prosent. Endringa er ikkje stor nok til å vere statistisk signifikant, men det er første gongen sidan august 2011 at tiltrua ikkje har vore under snittet for alle målingane, som er 78,9 prosent.

Rangert meget stor tiltro eller ganske stor tiltro			
Plass	Enhet	Prosent	Status
1	Helse Bergen	82%	●
2	Helse Stavanger	81%	●
3	Helse Fonna	72%	●
4	Helse Førde	68%	●




7.2 Forskjell i tiltrua i gruppa pasient/pårørende samanlikna med gruppa andre

Forskjellen mellom dei som har vore pasientar/pårørende og dei som ikkje har vore i kontakt dei tre siste åra, er i april 0 prosentpoeng. Dette betyr at den samla tiltrua er lik blant dei som har vore i kontakt med spesialisthelsetenesta enn til dei som ikkje har vore i kontakt dei tre siste åra. I mars var denne på - 4 prosentpoeng.

7.3 Inntrykk av det regionale helseføretaket

Inntrykket (meget godt/ganske godt) av det regionale helseføretaket er i mars på 59 prosent. Dette er så vidt litt opp frå mars, då andelen var på 58 prosent. Snittet på målingane frå mai 2008 er på 57,8 prosent.

Tar ein med dei nøytrale i tillegg til dei positive, er inntrykket på 84 %.



7.4 Forskjell i tiltrua mellom gruppa pasientar og gruppa pårørende:

I april er denne på - 4 prosentpoeng. Det betyr at tiltrua til spesialhelsetenesta er ein del lågare blant dei som sjølve har vore pasientar dei sist tre åra samanlikna med dei som har vore pårørende. I mars var denne indikatoren på - 8 prosentpoeng. Sjølv om skilnaden mellom pasientar og pårørende ikkje er så stor som i mars, er det fortsatt ein signifikant skilnad mellom dei to gruppene.